

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FA - C60, TI - &30	16/2166

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
50/2016	Utval for levekår	PS	13.09.2016

## Oppstart - rullering av Bibliotekplan for Meland kommune 2017 - 2020

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Bibliotekplan for Meland kommune må rullerast for dei kommande åra. Førre planperiode var 2011–2015.

#### Vurdering

Meland kommune har hatt bibliotekplan for periodane 1988–95, 2004–09 og 2011–15. I tillegg vart det utarbeida *Utviklingsplan for Nordhordlandsbiblioteka 2006–10*.

Etter forprosjektet *På veg mot praksisfellesskap* i 2013, vart det same haust sendt søknad om tilskot til det 3-årige prosjektet *Praksisfellesskap* i samarbeid med Lindås bibliotek. Hovudmåla for prosjektet var

- å utvikle eit alternativ til hovudbibliotek/filialstruktur ved samanslåing av kommunar
- betre kvaliteten på bibliotekstilboda i Lindås og Meland gjennom å lage to spesialiserte bibliotek, som til saman utgjer eit heile, og utvide opningstida ved å opprette meiorpne bibliotek
- utvikle biblioteka til å bli uavhengige og attraktive møteplassar for offentleg samtale og debatt

Prosjektet vart realisert som *Strilabiblioteket* med felles opning våren 2016.

I kommuneplanen for Meland kommune 2015 – 2027 er hovudmålet for biblioteket at det *skal vere ditt personlege bibliotek*. Vidare skal biblioteket vere *ein møteplass der du skal få hjelp til å finne litteratur, informasjon og ta del i kulturelle opplevingar*. Ein skal *formidle litteratur til alle grupper og styrke samarbeidet med skulane og barnehagane*. *Personalet skal ha god kompetanse på litteratur, formidling og IKT*.

Ei rullering av bibliotekplanen vil, utover nasjonale og regionale føringar, ta opp i seg måla i samarbeidet om *Strilabiblioteket*, samt styringsmåla i kommuneplanen og Planstrategi 2016–2019. Planen vil vere kortfatta med hovudfokus på ein utfyllande og konkret handlingsdel, som vil samle føringar og strategiar som skal ligge til grunn for arbeidet biblioteket skal prioritere dei kommande

åra.

Planen vil verte forfatta av kulturtenesta ved kulturleiar og biblioteksjef, med Utval for levekår som styringsgruppe. Planen kan verte klar til godkjenning første kvartal 2017.

**Folkehelse**

Ikkje vurdert særskild i saka

**Miljø**

Ikkje vurdert særskilt i saka

**Økonomi**

Tiltaket vil ikkje belaste kommuneøkonomien, men vil ta opp noko personalressurs ved kulturtenesta i kortare periodar.

**Konklusjon**

Oppstart av rullering av Bibliotekplan for Meland kommune 2017–2020 ligg føre.

**Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår godkjenner oppstart av rullering av Bibliotekplan for Meland kommune 2017–2020. Utvalet vert styringsgruppe for planen.

**Utval for levekår - 50/2016**

**ULK - behandling:**

**ULK - vedtak:**

«Utval for levekår godkjenner oppstart av rullering av Bibliotekplan for Meland kommune 2017–2020. Utvalet vert styringsgruppe for planen.»